

Terje Rød-Larsen har evne og mot både til å skriva historie, og til å skriva om på historia. Han må ha ein fri rolle utan ferdigskrive manus for å få brukt sine talent.

Frå helt til skurk

Terje Rød-Larsen er ein foran Kristus: Han stod opp att frå dei døde alt andre dag. Det var imponerende å møte opp hos NHO og snakka om etterutdanning, vidareutdanning og nye jobbmoglegheiter i framtida, 21 timar etter at han fall. Det var ein umenneskelig prestasjon å framstå med eit menneskelig ansikt i sending etter sending utover kvelden torsdag, med klimaks klokka 21.15 – nøyaktig to døgn etter at han



ANDREAS
HOMPLAND

SIDE- BLIKK

Han har åpenbart stor vilje og formidabel evne til å laga historie. Han prøvde å koma utanfrå og skriva fiskehistorie i Finnmark. Han har skriva historie i Midtausten. Huskeigestreiken på studentbyen på Kringsjø er ikkje på same nivå, men historia om FAFO er ikkje til å kimsa av.

Han har åpenbart også vilje og evne til å skriva om historia både på langs og på tvers – hvori opptatt si eiga historie. Han er så dyktig til det at han stolar på sine eigne versjonar og vågar å gå vidare på det grunnlaget. Det skal uforferda mot og hensynslaus vilje til å gje seg inn i slike historiefordamande prosjekt. Historie mellomomfang er ikkje nok.

I sine oppteignelsar frå kjellardjupet skriv Fjodor Dostoevskij: «I ethvert menneskes erindringer finnes det ting som det ikke tilstår for alle, men bare for sine venner. Det finnes også ting som det ikke engang betror sine venner, men bare seg selv – og selv det i dybeste hemmelighet. Endelig finnes det slike ting som mennesket endog frykter å tilstå for seg selv, og av slike ting finnes det en anseelig mengde hos ethvert skikkelig menneske. Det er til og med slik at jo skikkeligere et menneske er, desto flere slike erindringer har det.»

Både når det gjeld Dostoevskij, Terje Rød-Larsen og alle oss andre meir eller mindre skikkelige menneske, er ein ting å gløyma, hugsa selektivt eller gje seg inn på omdikting av ti år gamle historier.

Noe anna er det å gå laus på to veker og to dagar gamle hendingar, og dikta dei om i sitt bilde. Det gjer Terje Rød-Larsen. At han hadde opsjonar i Fideco, får han til å høyrest ut som ei oppfølging av Arbeiderpartiets nye program om at det er greit at dei tilsette kjøper aksjer i eiga bedrift. At han blei pressa frå skanse til skanse og frå forklaring til forklaring, og til slutt måtte ta

blei torpedert av sin medsamansvarne Alf R. Jacobsen i same kanal. Ein må lure på kva slags stoff den mannen er gjort av.

Han har åpenbart stor vilje og formidabel evne til å laga historie. Han prøvde å koma utanfrå og



Terje Rød-Larsen kom heim som helt. Han blei gjort til skurk, og kan gjenoppstå som forfolgt uskyldighet eller taper hemnar.

Foto: HENNING LILLEGÅRD



Då Trygve Lie kom heim frå FN, hamna han på sidelinja som fylkesmann, for han blei fylgods i Gerhardsens siste regjering.

konsekvensen av det, tolkar han nå som sine eigne val. Det er så dristig at det ikkje er til å tru, men det kan ikkje forsvargast at han vil lykkast.

Då Terje Rød-Larsen gjenoppstod hos Per Ståle Lønning og Anne Grosvold, reduserte han dei til seremonimeistrar, og overtok sjøl regien av såpeoperaen om Terje Rød-Larsen. Det viser hans meisterskap når han får styra spelet.

Eg minnest bare ein politikkframtrøden i norsk fjernsyn av same frekke format. Det var då Jo Benkow som Høgre-leiar snakka og snakka så velmodulert og tilforlatelig at ikkje eingong Bjørn Hansen klarte å stoppa han. Då Benkow var ferdig med sin einetale, sa han vennlig til intervjuaren: «Vær sågod, De ønsket visst å avbryte?»

Terje Rød-Larsen må ha ein fri rolle for å få brukt sitt talent. Han må vera ein libero der andre kan dekkja opp hans plass i forsvaret når han sjøl luktar gjennombrøt og målsjanse, og er på raid framover. Som statsråd blei han mannsoppdekkja, og det spelet beherska han ikkje. Det blei for mange støttepasningar på tvers. Han mista ballen i eige forsvar, slik at angriparane kunne leggja ballen i ope mål.

Terje Rød-Larsen har sin styrke når han sjøl kan setja i scene og velja sine framtrødenar. Han går dårlig inn i ferdigskrivne manus, og finnest det eit ferdigskrive manus med klar rollebeskrivelse, så er det for rollen som statsråd i det norske parlamentariske syste-



Då Fridtjof Nansen kom heim frå sine bragder for Folketorbandet, sa C.J. Hambro: «Man kan jo ikke gjøre en hvilkensomhelst skiløper til statsminister.»

Foto: J.W. CAPPELENS ARKIV



Bendik Rugaas har levert forenkla sjølmelding, men det er også alt han har levert.

Foto: NTB

met. Der var ikkje Terje Rød-Larsen som fisken i vatnet. Han blanda og mista korta sine, og blei fanga som ein fisk på land.

Mediedramaturgien i spelstykket om Terje Rød-Larsen har vore rimelig grei – særleg i fjernsyn. I massemediale melodrama er folk enten heltar eller skurkar.

Terje Rød-Larsen kom heim som helt. Den rollen klarte han ikkje å leva opp til, for norske heltar skal også vera kvite som helgenar. Våre heltar skal ikkje ha strategisk plett og kynisk lyte. Det er derfor Tor Bomann-Larsens strålende biografi om Roald Amundsen er så vond å ta.

Terje Rød-Larsen hamna i rollen som skurk. Frå den kan han ikkje gjenoppstå som helt, men det er to andre utvegar: forfolgt uskyldighet som påkallar medkjensle, eller einsam og taper hemnar som påkallar respekt. Terje Rød-Larsen har satsa på begge hestar.